

Vinter og vårplan 2004

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Nasjonaldagen	17.	Mai	Styret/Bygdelaget
Marsjering i Måløy	5.	Juni	John Inge
Sesongavslutning	18.	juni	Johan W.
Musikkbasar	31.	oktober	Styret
Juletreffest	28.	des.	Styret
Temakonsert	8.	jan.	
Temakonsert	22.	jan.	

Minneord - Lindis Kvernevik

Mangeårig medlem i Torskangerpoll Musikklag, Lindis Kvernevik, er død. Etter ein tøff sjukeperiode måtte ho gje tapt mot den alvorlege kreftsjukdommen.

Berre 28 år gammel sovna gode og positive Lindis inn torsdag 22. april.

Lindis var ei triveleg jente som alle blei glad i. Vi hugsar godt tida då ho var med i Holvik Skulekorps, og seinare Torskangerpoll Musikklag.

Lindis var ei ja-jente som alltid hadde godt humør, og som var oppteken av at dei rundt henne hadde det godt og var fornøgd.

Lindis spreidde glede og optimisme rundt seg. Det makta ho også etter at sjukdommen tok overhand og kreftene tok til å bli svakare.

Tankane går til familien og alle rundt som saman med oss andre vil sakne Lindis so sårt. Fred over ditt minne.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Vassrett:

1. Fornøyelse
5. Spiser
6. Ikke skitne

Loddrett:

1. Skratter
2. Gi
3. Treg
4. Kvadratrot av 9

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

11. årgang

Laussal: Gratis

mai 2004

Trener til 17. mai

Så er det snart 17. mai igjen. Vi er heldige som kan ha ein nasjonal dag der vi feirar at vi er fri til å kunne seie og meine det vi vil.

Her ser vi Torskangerpoll Musikklag som tørrtrener til den store dagen. Også i år vil det bli korpsmusikk og feiring både i Vågsvåg og Holvik. Torskangerpoll startar med morgonspeling frå lastebil på ulike stadar mellom Vågsvåg og Oppedal frå klokka 08.00. Det blir folketog klokka 11.00 og barneleikar og folkefest etterpå.

Det er og lagt opp til eit variert og tradisjonelt opplegg i Holvik.



Bli medlem!!! betal 125,- til knt. nr. 6554 05 06153

Torskangerpoll Musikklag, Evy Loen, Holvik, 6700 Måløy

www.torskangerpoll.no

Tilbakeblikk



17. mai kan ein vere med sjølv utan hue. Fane hadde dei ikkje, og flaggbæraren som tidlegare var snusetande muskar var svær til å gå i takt med passeleg skritt lengde. Skona fortel nok at marsjen gjekk på støvete grusveggar, sikkert med slagholer og vaskebrett. På bildet ser vi med flagget: Karl Våge. 1. rekke: Leif Bergesen, Kåre Våge, Trygve Torskangerpoll. Bakover ser vi Ivar Torskangerpoll, Audun Færestrand, Audun Torskangerpoll og John Øvrelid. Personidentifisering: Arne Torskangerpoll. JW

Bent-Henning Færestrand 50-år

Fredag 30. april fylte mangeårig fanebærer i Torskangerpoll Musikklag, Bent, 50 år. Korpset spelte og fekk servering frå eit bugnande matbord. Vi gratulerer.



Info til musikkarar

17. mai 2004

07.40 - Frammøte til morgenprosesjon på Våge-Oppedal grendahus (mykje undertøy).

09.30 - Frukost

10.45 - Frammøte til folketog på Våge/Oppedal grendahus.

14.45 - Frammøte til folketog i Holvik.

Flott blåtur

Siste helga i april hadde Torskangerpoll Musikklag ein flott blåtur til Værlandet og Bulandet ytst i havgapet. Vi vart godt mottekne og hadde ei flott helg blant eit gjestfritt folkeslag. Laurdag kveld heldt vi ein flott konsert. Her er glimt frå turen



Vi fekk ri, vi traska mykje og fekk sjå den vakre naturen i havgapet.



I bakgrunnen til høgre ser vi så vidt hotellet vi budde på. Heilt greit for ei helg.

17. MAI

FEIRING VÅGE/OPPEDAL

KL. 0800: "MORGENPROSESJON" FRÅ OPPEDAL
TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG SIT PÅ BIL
OG STOPPAR OG SPELAR UNDERVEGS.

KL. 1100: FELLES BARNETO OG FOLKETOG
FRÅ SKULEN TIL VÅGESBERGET
OG TILBAKE TIL SKULEN.
MUSIKK VED TORSKANGERPOLL
MUSIKKLAG OG HOLVIK SKULEKORPS.

KL. 1200: FEST PÅ SKULEN.
BARNELEIKAR, KJUSK
SAL AV KJØTSUPPE, KAFFI OG KAKER

ALLE ER VELKOMNE!



Torbjørn Sandøy var lokal guide. T.h. ser vi John Inge som vart verande igjen om bord i ferja på Anda då bussen køyrde på land.

